

ARBEIDPAKKE 7 NÆRING

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



1.0 Mandat og rammer

Næringskontoret har i fellesskap sett på moglege sparetiltak i si avdeling. Ein skal vera klar over at mykje av det næringskontoret brukar tid og pengar på, gjev attende både inntekter, arbeidsplassar og ikkje minst trivsel. Det er viktig å vera budd på konsekvensane i så måte.

2.0 Organisering og gjennomføring

Det er gjort eit fyste møte med Rådgjevarane innan skog og landbruk. Men skal og gjennomføre eit liknande møte med rådgjevar for Reiseliv og sakshandsamar for motorferdsel/Verdsarv.

Knut Martin Edland	Kommunalsjef KNF	Arbeidsgruppeleder
Thor Christiansen	Rådgjevar Landbruk	Arbeidsgruppedeltaker
Per Wraa	Rådgjevar Skog	Arbeidsgruppedeltaker
Aud Irene Kittelsen	Rådgjevar Reiseliv	Arbeidsgruppedeltaker
Kjell Christenson	Sakshandsamar motor/verdsarv	Arbeidsgruppedeltaker

3.0 Utredning

Etter ein gjennomgang av våre ansvar i KNF har me kome til følgjande område å sjå på i høve til sparing

- Personal
- Berunuten
- Auka inntekt på motorferdsel

3.1 Skildre tiltak

Personale: Ei naturleg vurdering må gjerast i høve til å erstatte naturleg avgang av personell!

Berunuten: Er eit fantastisk tilbod, men det er kanskje mogleg å tenkje litt enklare.

Auka inntekt: Det er truleg rom for auka inntektene gjennom auka gebyr på for eksempel hytteløyva.

3.2 Konsekvensar av tiltak

Personale: Ei innskrenking av personell, er ikkje parallelt med innskrenka oppgåver. Det kan fort bli ei utvatning av kunnskap, erfaring og kapasitet. Ein skal og vera var på ein auke i sjukefråvær m.m. grunna for mykje å gjera. Men ein justering og rokking, kan og ha positive verknader som fornying av kunnskap, nytte meir ny teknologi, enklare rutinar m.m.

Berunuten: Kanskje omorganisere det slik at ein kan halde fram dette tilbodet omlag som i dag, men vonleg noko rimelegare som følgje av å tenkje nytt. For eksempel bruke dei resursane ein allereie har i kommunen innan vedlikehald, eller kanskje sette delar av drifta ut på anbod? Kanskje det tiltaket som får minst verknad på folk flest.

Auka inntekt: Då ein er van med å betale for ymse løyve, trur me at eit gebyr i høve til handsaming av hytteløyve m.fl. utan at det vert mykje for mykje støy! Dette kan gje ein inntekt på nær kr 100 000,- pr år, tru me.

Samla sett:

Det er høgst urealistisk å tru at ein kan halde fram den høge farten ein har hatt i næringslivet i Vinje, om ein gjennomfører heilt eller delar av desse tiltaka. Det vil føre til så stor misnøye og deretter enormt omdømme tap, som så fører til befolknings reduksjon. Ein liten reduksjon er nok akseptabelt, men i den skala ein legg opp til i kommunekompasset er direkte skadeleg!

3.3 Etc

Oppsummerande tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1.Bruk av tid/personal	Vurdere å ikkje erstatte naturleg avgang. Interkommunalt samarbeid.
2.Møter og kurs	Selektare dei møta ein må, kan eller ikkje treng å vera med på. Slik unngå å bruke bil, overtid og reisekostnad. Likeins gjera gode vurderingar av kurs og oppfrisking av kunnskap.
3.Bruk av ny teknologi	Lære og bruke AI, som erstattar. Bruke i meirgrad nettbutikk med førehandsbetaling m.m.
4. Abonnement	Kutte dei fleste aviser og blader som ikkje er pålagt å ha
5.Personalkostnader	Redusere rammene for sosialt samvær/tur/aktivitetar

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppa sitt forslag til tiltak for å nå målsettinga. Tabellen inneheld namn på tiltak, kvalifisert anslag på mogleg sparing i 2026 og 2027 (når fult implementert) og forutsetningar for at tiltaket skal kunne realisere økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
Legge drift av Berunuten ut på anbod og ev inntekter	200	200	Som følgje av stillingsstopp
Ikkje erstatte personell ved naturleg avgang sakshandsamar motor/verdsarv	600	600	Vurdere å ikkje erstatte personell etter kvart ein har naturleg avgang.

Drift	50	50	Generelt spara på kurs, møter, reiser, abonnement, lisensar m.m.
Auke inntektene gjennom auka moglegheit i den nye motorferdselslova.	-100	-100	Gebyr på hytteløyva

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Redusere eller ta vekk: • Redusere heimlane	• Kapasiteten til sakshandsaming må ev erstattast av andre avdelingar, eller som følgje av generelt redusert aktivitet.

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	950	950	950	950